



Laga barnebok om livet på oljeplattform

Då Siv Merete Vervik Stousland ikkje fann barnebøker om det å jobba på plattform, laga ho like godt si eiga.

HILDE ANETTE EBBESVIK
hilde.anette@strandbuen.no

Boka «Mamma jobber på plattform» har berre vore ute for sal sidan november, men har allereie seld over 600 eksemplar.

– Det var svært hektisk då me fekk stova full i bøker frå trykkeriet, som me skulle senda vidare, fortel Vervik Stousland med eit smil.

Strandbuen som no bur i Stavanger med mannen og dei tre borna, gler seg over boka ho har brukt rundt to år på å laga. Boka har store, flotte teikningar med mange detaljar. Teikningane er frå ulike rom på plattform, på helikopteret og i ulike situasjonar oljearbeidarar møter i kvar dagen.

Det heile starta då ho i 2005 fekk sonen Sivert, samstundes som ho arbeidde i Nordsjøen som sjukepleiar. I 2009 byrja ho å leite på biblioteka etter ei barnebok som kunne forklara korleis det var ute på plattform, men det fann ho ikkje nokon stad. Det ho oppdaga, var ei moglegheit til å laga noko sjølv.

– Folk sa til meg; kvifor lagar du ikkje like godt di eiga bok då? Og slik blei det, seier ho.

– Kor mange timar går det i å lage ei slik bok?

– Mange! kjem det kjapt frå mannen, Rune Stousland, som smiler bort til kona.

God hjelp


Fyrst oppretta ho eit eige forlag, gjorde mykje research, kontakta folk med kunnskap om bokutgiving, og sette i gang med skrivinga. I barnehagen der borna hennar går, jobbar Steffan Carlhoff, som også er illustratør. Han sa ja til å laga teikningar til boka, og har jobba tett med Vervik Stousland gjennom heile prosessen.

– Me har vore imponert over kor detaljert og flink han har vore. Kameratar av meg som jobbar på plattform kjenner seg svært godt igjen, så det passar for vaksne også, seier pappa Rune, som sjølv også jobbar i Nordsjøen.

Den eldste sonen, Sivert, har også fått sin teikning med i boka, som var svært stas for han. Bilete skal visa Sivert der han ligg på



STOLT FAMILIE: Albert (5), mamma Siv Merete Vervik Stousland, Sivert (8), pappa Rune Stousland og Pernille (3) er stolt over boka mamma har skrive.



Plattformen mamma jobber på, er høgere enn slottet hvor kongen bor. Der borer de med mange lange rør dypt under havbunnen på jakt etter olje og gass. Jeg drømmer meg bort når jeg tegner om mamma sin jobb. Når jeg blir stor vil jeg også jobbe der.

BOKA: Slik ser ei av sidene i boka ut. Dei to teikningane har sonen Sivert sjølv laga, og guten skal representera han.

golvet å teiknar plattformar.

– Det var ikkje heilt rett då, eg teikna med kulepenn, fortel han og peikar ned i boka.

Konkurranse

Rune har hjelpt til med å levera, fakturera og andre ting som har oppstått. Når han er heime på fri brukar han mykje av tida si på boka. Prosjektet har likevel ikkje vore for å bli rik.

– Det har aldri vore hensikta å tena noko særleg på det. Eg har sett at det har vore marknad og eit ynskje etter ei slik bok, seier Vervik Stousland.

Ho hadde gleda seg svært mykje til å koma heim å sjå den ferdige boka etter ein jobbturn i Nordsjøen. Diverre vart det litt blanda kjensler, då ho fekk meldinga om at ei dame i Bergen hadde skrive boka «Pappa jobber på plattform».

– Eg har aldri heldt innhaldet i boka mi skjult, så sånn sett kunne alle teke manuset mitt.

Då eg fekk vita om boka hennar tenkte eg «hekkan og», seier Vervik Stousland.

Bøkene kom ut akkurat same dag. Men ho er ikkje redd for konkurranse, då ho meiner at boka hennar har ein heilt anna kvalitet og meir detaljerte illustrasjonar.

Borna deira ser ut til å synast at det er stas at mamma har skrive si eiga bok, men er litt lei teksten etter kvart.

– Å nei, skal du lesa den igjen? seier dei.

Det har vore mange endringar i teksten, og ho har heile vegen testa dei nye setningane på dei. No gler dei seg over at mamma har kome på ein ny idé til ei anna barnebok om Nordsjøen. Forfattarspira er i gang, og Vervik Stousland har allereie eit delvis manus klart, men denne gongen vil ho ikkje røpa noko.

– Det vert ei barnebok om plattformer, men denne gongen blir det eit eventyr.